



## Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland  
 Saksbehandlar: Ole I. Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane  
 Sak nr.: 2015/1434-551

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.12.2017

## Budsjett for eingongskostnader ved samanslåinga

### Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda har fullmakt til å disponere den samla ramma på 30 mill.kr for samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland, og legg følgjande prinsipp til grunn for bruken av midlane:
  - a) Innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert dekkja innanfor ramma på 30 mill.kr som fellesnemnda disponerer.
  - b) Reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
  - c) Godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m. vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
  - d) Frikjøp av tillitsvalde vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta.
2. Fellesnemnda får seg førelagt ei eiga budsjettsak til første møtet i 2018. Fylkesrådmennene avklarar nærare faktiske kostnader knytt til samanslåinga i framlegget til budsjett.
3. Fylkesrådmennene får, fram til budsjettet er klart, fullmakt til å disponere fellesnemnda si ramme på 30 mill.kr. for å dekke påløpte kostnader i samsvar med omtalen av prinsipp for finansiering av eingongskostnader.

### Vedlegg:

1. Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017).
2. Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, § 18.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka

§18 i fellesnemnda sitt reglement viser til at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utbetalt 15 mill.kr til kvart fylke for å dekke eingongskostnader ved samanslåingsprosessen. Fellesnemnda har fått i fullmakt å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebuaende arbeidet og gjennomføringa av samanslåinga. Døme på slike eingongskostnader som direkte kan knytast til samanslåinga kan vere:

- Reise- og diettkostnader.
- Godtgjersle til folkevalde.
- Lønn (prosjektleiar).
- Møtekostnader.
- Konsulenttenester.
- Frikjøp tillitsvalde.
- Nye administrative styringsverktøy (t.d. IKT-system).
- Skilting og ev. bygningsmessige tilpassingar.

### Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene føreslår at reise- og diettkostnader vert dekkja innanfor dei ordinære fylkesbudsjetta gjennomføring av reiserekning i dei to fylkeskommunane.

Det same prinsippet føreslår fylkesrådmennene vert gjeldande i høve godtgjersle til folkevalde i samband med møte i fellesnemnda m.m., samt frikjøp av tillitsvalde.

Direkte innkjøp i samband med gjennomføring av «fellesmøte» (leige av møtelokale, servering m.m.), løn til prosjektleiar, konsulenttenester og investeringar i nye styringssystem vert føreslege dekkja innanfor ramma på 30 mill.kr. som fellesnemnda disponerer.

I oppstarten av samanslåingsprosessen vil det vere krevjande å setje opp eit budsjett for dei samla eingongskostnadene med fylkessamanslåinga, då både behov og omfang på kostnadene er ukjende. Det er i tillegg grunn for å tru at ramma på 30 mill.kr ikkje fullt ut vil dekke dei faktiske meirkostnadene som direkte kan relaterast til samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

Fram til det er mogleg å avklare nærare dei faktiske kostnadene knytt til samanslåinga i eit budsjettgrunnlag, bør fylkesrådmennene ha fullmakt til å disponere fellesnemnda si ramme på 30 mill.kr for å dekke påløpte kostnader i samsvar med omtalen av prinsipp for finansiering av eingongskostnader ovanfor. Dette for å kunne ha nødvendig økonomisk handlingsrom og unngå forseinkingar i oppstartsfasen av samanslåingsprosessen.